



Ein god medspelar



# DELÅRSRAPPORT

## 2. kvartal 2024

Voss, 13. august 2024  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 2. KVARTAL 2024

## GENERELT

Rekneskapan er utarbeidd etter IFRS (International Financial Reporting Standards).

Banken har utarbeida konsernrekneskap og konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS.

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 2. kvartal på 60,1 mill. kr. Dette er ein auke på 15,7 mill. kr i høve til same periode i 2023. Resultat av ordinær drift før skatt er 59,0 mill. kr mot 42,2 mill. kr i 2023. Resultat etter skatt er 44,2 mill. kr mot 32,4 mill. kr i 2023.

Totalresultat pr. utgangen av 2. kvartal 2024 er 41,3 mill. kr mot 32,2 mill. kr for same periode i fjor.

Banken har ei positiv utvikling i basisdrifta. Eigenkapitalavkastninga etter skatt og med eigenkapitalen justert for hybridkapital er 12,4 % pr. utgangen av 2. kvartal i år mot 9,7 % for tilsvarende periode i fjor. Styrkinga kjem av god underliggjande drift, utlånsvekst, kostnadskontroll og vekst i andre inntekter.

## RENTENETTO

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 2. kvartal er bokført til 67,3 mill. kr. Dette er ein auke på 5,1 mill. kr frå same periode i 2023. Dette skuldast i hovudsak volumvekst og ein liten auke i rentemarginen. Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldkapital, er ved utgangen av 2. kvartal 2,15 % (2,12 %).

## ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 2. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 25,3 mill. kr. Dette er ein auke på 8,3 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter aukar med 0,4 mill. kr i høve til 2023. Utbytte aukar med 0,8 mill. kr, og netto verdiendring på finansielle instrument aukar med 7,1 mill. kr. Andre inntekter er på same nivå som i 2023.

## DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 2. kvartal bokført til 32,4 mill. kr mot 34,7 mill. kr i fjor. Løn og andre personalkostnader har auka med 1,4 mill. kr i høve til 2023, medan andre driftskostnader er redusert med 3,5 mill. kr. Avskrivningane er redusert med 0,2 mill. kr.

## TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 2. kvartal har banken netto kostnadsført tap og nedskrivningar på utlån med 1,2 mill. kr mot ei kostnadsføring på 2,2 mill. kr i fjor. For nærare spesifikasjon, sjå note 2 og 3.

Banken har vidareført dei ekstraordinære bransjevisse nedskrivningane knytt til auka usikkerheit med kraftig inflasjons- og renteauke og auka makroøkonomisk usikkerheit på 5,6 mill. kr. i 2. kvartal 2024.

## RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin samla forretningskapital inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er ved utgangen av 2. kvartal er 6.978 mill. kr. Dette er ein auke på 313 mill. kr (+4,7 %) siste året. Rådveldkapitalen på eiga bok er 6.381 mill. kr. ved utgangen av 2. kvartal.

## INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 2. kvartal på 4.496 mill. kr. Dette er ein auke på 279 mill. kr (+6,6 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 2. kvartal er 80,9 % mot 79,7 % på same tidspunkt i fjor.

Innskota isolert for 2. kvartal er auka med 116 mill. kr.

## UTLÅN

Banken har ved utgangen av 2. kvartal i år hatt ein auke i utlåna siste året, inklusive lån i Eika Boligkreditt (EBK), på 250 mill. kr (+4,2 %). Utlånsauken til privatkundar er 309 mill. kr (+6,5 %), medan det er ein reduksjon i utlån til næringskundar på 60 mill. kr (-5,3 %). Brutto utlån inklusive lån til EBK er ved utgangen av 2. kvartal 6.157 mill. kr (5.907 i 2. kvartal 2023).

Brutto utlån til kundar eksklusive lån overført til EBK er 5.560 mill. kr mot 5.293 mill. kr ved utgangen av 2. kvartal 2023. Av samla utlån er 1.066 mill. kr (19,2 %) utlån til næringsverksemd og 4.493 mill. kr (80,8 %) til personmarknaden. Lån til personmarknaden som er overført til EBK utgjer ved utgangen av 2. kvartal 597 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 11,7 % mot 12,8 % i 2023. Dette utgjer 9,7 % (10,4 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst og tilgang til likviditet gjennom auka bruk av EBK.

## LIKVIDITET

Likviditeten i kvartalet har vore god gjennom stabile innskot, moglegheit for bruk av Eika Boligkreditt, og også tilgang til finansiering i obligasjonsmarknaden. Banken har pr. 2. kvartal utestående obligasjonsgjeld på 1.064 mill. kr mot 1.058 mill. kr ved utgangen av 2. kvartal 2023. Sjå note 8 for nærare detaljar. Ved utgangen av 2. kvartal rapporterer banken godt over minstekrava for likviditetsindikatorane med LCR 273 % og NSFR 137 %.

## EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 21,33 % ved utgangen av 2. kvartal mot 22,11 % på tilsvarende tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 689,6 mill. kr, mot 647,4 mill. kr same periode i fjor.

Kjernekapitalen til banken er 629,6 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 579,6 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 19,47 % (20,06 % i 2. kv. 2023) og ei rein kjernekapitaldekning på 17,92 % (18,35 % i 2. kv. 2023) av berekningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,6 % ved utgangen av 2. kvartal 2024 mot 9,5 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Overskotet til no i år er ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning.

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet pr. 30. april 2022 på 2,0 %. Dette var i tråd med banken sine forventningar.

Banken rapporterer konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 21,20 % ved utgangen av 2. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 19,29 % og 17,74 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,20 %.

## REVISJON

Kvartalsrekneskapan er ikkje fullstendig revidert.

## UTSIKTENE FOR 2024

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrkjer banken sitt inntektsgrunnlag.

Den vedvarande krigen i Ukraina og Midtausten kombinert med vedvarande høg inflasjon har ført til auka usikkerheit. Inflasjonen er framleis på eit høgt nivå, og kombinert med høgare renter enn for nokre år sidan har dette bremsa aktiviteten i mange bransjar. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Den vedvarande svekkinga av kronekursen i det siste gjev større usikkerheit til når den fyrste rentenedgangen kjem. Norges Bank har lagd til grunn ein sterkare kronekurs i sine tidlegare rentebeslutningar, og det er difor større usikkerheit kring den framtidige renteutviklinga. Rentenedgangen ser ut til å måtte vente på seg. Den kjem truleg ikkje før i 2025.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirplasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.

## FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 2. kvartal 2024 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 13. august 2024

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarekvål

Styreleiar



Kathrine Løno Lahlum

Nestleiar



Olav Seim



Hege Solbakken



Solfrid Dagestad Midttun

Tilsette sin repr.



Stig Gunnar Røthe

Adm. banksjef

<b>Resultat - Konsern</b>		<b>2. kvartal</b>	<b>2. kvartal</b>	<b>Året</b>
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	<b>Note</b>	<b>30.6.24</b>	<b>30.6.23</b>	<b>31.12.23</b>
Renteinntekter frå eigenlutar vurdert til amortisert kost		171.970	131.305	295.425
Rentekostnader og liknande kostnader		104.676	69.139	162.395
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>		<b>67.294</b>	<b>62.166</b>	<b>133.030</b>
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		8.672	8.450	17.871
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		1.059	1.222	3.330
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		4.169	3.360	3.360
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 7	10.697	3.584	19.638
Andre driftsinntekter		2.788	2.789	5.104
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>25.268</b>	<b>16.961</b>	<b>42.642</b>
Løn og andre personalkostnader		15.315	13.923	31.175
Andre driftskostnader		16.543	20.030	37.579
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle eigenlutar		588	757	1.416
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>32.446</b>	<b>34.710</b>	<b>70.170</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>60.116</b>	<b>44.417</b>	<b>105.502</b>
Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 5	1.156	2.208	4.419
<b>Resultat før skatt</b>		<b>58.960</b>	<b>42.208</b>	<b>101.084</b>
Skattekostnad		14.739	9.787	23.430
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>44.221</b>	<b>32.421</b>	<b>77.653</b>
<i>Utvida resultat - Tal i tusen kroner</i>				
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger				
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 7	-2.970	-199	6.882
Skatt				
<b>Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet</b>		<b>-2.970</b>	<b>-199</b>	<b>6.882</b>
Verdiendring utlån til verkeleg verdi		0	0	59
Skatt		0	0	-15
<b>Sum postar som vil bli klassisifert over resultatet</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>44</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>41.251</b>	<b>32.222</b>	<b>84.580</b>
<b>Resultat per aksje</b>		<b>18,99</b>	<b>13,60</b>	<b>33,04</b>
<b>Resultat etter skatt</b>				
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		41.838	29.958	72.814
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		2.263	2.268	4.516
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		121	195	322
<b>Totalresultat</b>				
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		38.868	29.759	79.740
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		2.263	2.268	4.516
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		121	195	322

<b>Resultat - Morbank</b>		<b>2. kvartal isolert</b>	<b>2. kvartal</b>	<b>2. kvartal</b>	<b>Året</b>	
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	<b>Note</b>		<b>30.6.24</b>	<b>30.6.23</b>	<b>31.12.23</b>	
Renteinntekter fra egenlutar vurdert til amortisert kost		86.216	68.355	171.979	131.338	295.469
Renteinntekter fra øvrige egenlutar		0	0	0	0	0
Rentekostnader og liknande kostnader		52.154	36.473	104.686	69.139	162.408
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>		<b>34.062</b>	<b>31.881</b>	<b>67.293</b>	<b>62.199</b>	<b>133.060</b>
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		4.485	4.418	8.672	8.450	17.871
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		554	646	1.059	1.222	3.330
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		2.297	3.360	4.297	3.360	3.360
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 7	6.102	924	10.697	3.584	19.638
Andre driftsinntekter		0	0	0	0	29
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>12.330</b>	<b>8.056</b>	<b>22.607</b>	<b>14.172</b>	<b>37.567</b>
Løn og andre personalkostnader		6.133	5.583	14.307	12.910	29.289
Andre driftskostnader		7.658	9.851	15.107	18.823	35.316
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle egenlutar		296	364	561	731	1.364
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>14.086</b>	<b>15.798</b>	<b>29.975</b>	<b>32.464</b>	<b>65.969</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>32.306</b>	<b>24.139</b>	<b>59.925</b>	<b>43.906</b>	<b>104.659</b>
Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 5	1.537	968	1.156	2.208	4.419
<b>Resultat før skatt</b>		<b>30.769</b>	<b>23.171</b>	<b>58.769</b>	<b>41.698</b>	<b>100.239</b>
Skattekostnad		7.667	5.040	14.667	9.675	23.245
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>23.102</b>	<b>18.131</b>	<b>44.102</b>	<b>32.023</b>	<b>76.994</b>
<i>Utvida resultat - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 7			-2.970	-199	6.882
<b>Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet</b>				<b>-2.970</b>	<b>-199</b>	<b>6.882</b>
Verdiendring utlån til verkeleg verdi					0	59
Skatt					0	-15
<b>Sum postar som vil bli klassisifert over resultatet</b>				<b>0</b>	<b>0</b>	<b>44</b>
<b>Totalresultat</b>				<b>41.132</b>	<b>31.825</b>	<b>83.921</b>
<b>Resultat per aksje</b>				<b>18,99</b>	<b>13,50</b>	<b>32,89</b>

#### Balanse - Eigenlutar - Konsern

<i>Tal i tusen kroner</i>	<b>Note</b>	<b>30.6.24</b>	<b>30.6.23</b>	<b>31.12.23</b>
Kontantar og kontantekvivalentar		85.389	76.982	77.931
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		149.220	121.602	265.139
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 4 og 5	4.054.514	3.845.736	3.921.806
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4 og 5	1.476.715	1.423.821	1.396.678
Aksjar, andelar og andre egenkapitalinstrument	Note 7	594.088	559.800	585.183
Varige driftsmiddel		17.133	17.056	16.892
Andre eigenlutar		5.635	7.132	4.196
<b>Sum eigenlutar</b>		<b>6.382.694</b>	<b>6.052.127</b>	<b>6.267.823</b>


#### Balanse - Gjeld og egenkapital

<i>Tal i tusen kroner</i>		<b>30.6.24</b>	<b>30.6.23</b>	<b>31.12.23</b>
Innlån frå kredittinstitusjonar		0	17	0
Innskot frå kundar		4.495.544	4.216.940	4.390.434
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 8	1.064.417	1.058.348	1.049.368
Anna gjeld		13.609	33.188	21.905
Forpliktingar ved skatt		16.444	8.631	21.132
Andre avsetningar		246	485	324
Ansvarleg lånekapital	Note 8	60.131	60.119	60.142
<b>Sum gjeld</b>		<b>5.650.391</b>	<b>5.377.727</b>	<b>5.543.304</b>
Innskoten egenkapital	Note 10	58.014	58.014	58.014
Opptent egenkapital		579.575	533.672	615.879
Fondsobligasjonskapital		50.200	50.199	50.210
Resultat i perioden etter skatt		44.101	32.226	0
Ikkje kontrollerande eigarinteresser		414	288	415
<b>Sum egenkapital</b>	Note 9	<b>732.303</b>	<b>674.400</b>	<b>724.519</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		<b>6.382.694</b>	<b>6.052.127</b>	<b>6.267.823</b>

<b>Balanse - Eigenlutar - Morbank</b>				
<i>Tal i tusen kroner</i>				
	Note	30.6.24	30.6.23	31.12.23
Kontantar og kontantekvivalentar		85.389	76.982	77.931
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		149.220	121.602	265.139
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 4 og 5	4.054.514	3.845.736	3.921.806
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4 og 5	1.476.715	1.424.202	1.396.678
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 7	594.088	559.953	585.183
Eigarinteresser i konsernselskap		153	0	153
Varige driftsmiddel		16.869	16.738	16.601
Andre eigenlutar		3.688	5.978	3.670
<b>Sum eigenlutar</b>		<b>6.380.636</b>	<b>6.051.191</b>	<b>6.267.159</b>
<b>Balanse - Gjeld og eigenkapital</b>				
<i>Tal i tusen kroner</i>				
		30.6.24	30.6.23	31.12.23
Innlån frå kredittinstitusjonar		0	17	0
Innskot frå kundar		4.495.604	4.217.021	4.391.029
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 8	1.064.417	1.058.348	1.049.368
Anna gjeld		12.410	32.687	21.496
Forpliktingar ved skatt		16.216	8.548	20.977
Andre avsetningar		246	485	324
Ansvarleg lånekapital	Note 8	60.131	60.119	60.142
<b>Sum gjeld</b>		<b>5.649.024</b>	<b>5.377.226</b>	<b>5.543.335</b>
Innskoten eigenkapital	Note 10	58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital		579.496	533.729	615.599
Fondsobligasjonskapital		50.000	50.199	50.210
Resultat i perioden etter skatt		44.102	32.023	0
<b>Sum eigenkapital</b>	Note 9	<b>731.612</b>	<b>673.965</b>	<b>723.824</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>6.380.636</b>	<b>6.051.191</b>	<b>6.267.159</b>

Voss, 13. august 2024


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Olav Seim

  
Hege Solbakken

  
Kathrine Løno Lahlum  
Nestleiar

  
Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe  
Adm. banksjef

## EIGENKAPITALOPPSTILLING - KONSERN

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital							Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjon	Fond for urealiserte vinstar	Annan opptent egenkapital	Ikkje-kontrollerende eigarinteresser	
<b>Eigenkapital 31.12.2023</b>	11.103	-84	46.995	50.210	39.402	576.476	415	724.519
Resultat etter skatt				2.263	-256	42.094	121	44.221
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					-2.970			-2.970
Vinst sal egenkapitalinstrument								0
Verdiendring på finansielle eiendeler over utvidet resultat								0
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)								0
Skatt på verdiendring utlån								0
<b>Totalresultat 30.06.2024</b>	0	0	0	2.263	-3.226	42.094	121	41.251
Utbetalt utbytte						-31.072	-123	-31.195
Utbetalte renter hybridkapital				-2.272				-2.272
Tilbakekjøp av fondsobligasjon								0
Endring egne egenkapitalbevis								0
<b>Eigenkapital 30.06.2024</b>	11.103	-84	46.995	50.201	36.176	587.498	414	732.303
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	11.103	-84	46.995	76.313	33.401	525.876	93	693.698
Resultat etter skatt				2.268	-256	30.214	195	32.421
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					-612			-612
Vinst sal egenkapitalinstrument						413		413
Skatt på verdiendring utlån								0
<b>Totalresultat 30.06.2023</b>	0	0	0	2.268	-868	30.627	195	32.222
Utbetalte renter hybridkapital				-2.382				-2.382
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000				-26.000
Utbetalt utbytte						-23.139		-23.139
<b>Eigenkapital 30.06.2023</b>	11.103	-84	46.995	50.199	32.533	533.364	288	674.400
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	11.103	-84	46.995	76.313	33.401	525.876	93	693.698
Resultat etter skatt				4.516	-512	73.326	322	77.652
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					6.469			6.469
Vinst sal egenkapitalinstrument						413		413
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					59			59
Skatt på verdiendring utlån					-15			-15
<b>Totalresultat 31.12.2023</b>	0	0	0	4.516	6.001	73.739	322	84.579
Utbetalt utbytte						-23.139		-23.139
Utbetalte renter hybridkapital				-4.620				-4.620
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000				-26.000
<b>Eigenkapital 31.12.2023</b>	11.103	-84	46.995	50.210	39.402	576.476	415	724.519

## EIGENKAPITALOPPSTILLING - MORBANK

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital		Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjon	Fond for urealiserte vinstar	Annen opptent egenkapital	
<b>Eigenkapital 31.12.2023</b>	11.103	-84	46.995	50.210	39.402	576.198	723.824
Resultat etter skatt				2.263	-256	42.095	44.102
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					-2.970		-2.970
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)							0
Skatt på verdiendring utlån							0
<b>Totalresultat 30.06.2024</b>	0	0	0	2.263	-3.226	42.095	41.132
Utbetalte renter hybridkapital				-2.272			-2.272
Tilbakekjøp av fondsobligasjon							0
Utbetalt utbytte						-31.072	-31.072
<b>Eigenkapital 30.06.2024</b>	11.103	-84	46.995	50.200	36.176	587.221	731.612
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	11.103	-84	46.995	76.313	33.401	525.933	693.662
Resultat etter skatt				2.268	-256	30.011	32.023
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					-612		-612
Vinst sal egenkapitalinstrument						413	413
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)							0
Skatt på verdiendring utlån							0
<b>Totalresultat 30.06.2023</b>	0	0	0	2.268	-868	30.424	31.824
Utbetalte renter hybridkapital				-2.382			-2.382
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000			-26.000
Utbetalt utbytte						-23.139	-23.139
<b>Eigenkapital 30.06.2023</b>	11.103	-84	46.995	50.199	32.533	533.218	673.965
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	11.103	-84	46.995	76.313	33.401	525.933	693.662
Resultat etter skatt				4.516	-512	72.990	76.994
Vinst sal egenkapitalinstrument						413	413
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					6.469		6.469
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					59		59
Skatt på verdiendring utlån					-15		-15
<b>Totalresultat 31.12.2023</b>	0	0	0	4.516	6.001	73.403	83.921
Utbetalte renter hybridkapital				-4.620			-4.620
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000			-26.000
Utbetalt utbytte						-23.139	-23.139
<b>Eigenkapital 31.12.2023</b>	11.103	-84	46.995	50.209	39.402	576.197	723.824



## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING - KONSERN

Tal i tusen kroner	2. kvartal 2024	2. kvartal 2023
<b>Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>		
Netto utbetaling av lån til kunder	-213.048	-202.612
Renteinnbetalinger på utlån til kunder	164.656	127.476
Netto inn-/utbetaling av innskot fra kunder	34.675	142.190
Renteutbetalinger på innskot fra kunder	-1.667	-43.321
Netto inn-/utbetalinger av lån fra kredittinstitusjoner	6.392	3.855
Kjøp og salg av sertifikat og obligasjoner	0	0
Endring på sertifikat og obligasjoner	0	0
Netto provisjonsinnbetalinger	7.613	7.228
Verdiendring på finansielle instrument og valuta	0	359
Utbetalinger til drift	-40.318	-28.464
Betalt skatt	-19.427	-17.660
<b>A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>	<b>-61.125</b>	<b>-10.947</b>
<b>Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>		
Netto investering i varige driftsmidler	-829	-809
Netto investering i langsiktige verdipapir	-1.328	-11.840
Utbytte fra langsiktige investeringer i aksjer	4.297	3.360
<b>B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet</b>	<b>2.140</b>	<b>-9.289</b>
<b>Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>		
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall gjeld stifta ved utferding av verdipapir		
Innbetaling ved utferding av verdipapirgjeld	200.000	175.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	-185.000	-108.000
Renteutbetalinger på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	-29.143	-20.939
Innbetaling ved lån fra kredittinstitusjoner	0	0
Utbetaling ved forfall lån fra kredittinstitusjoner	0	0
Renter på gjeld til kredittinstitusjoner	0	0
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall ansvarlege lån	0	0
Innbetaling ved utferding av ansvarlege lån	0	0
Utbetaling ved forfall ansvarlege lån	0	0
Renteutbetaling på ansvarlege lån	-1.989	-1.544
Innbetaling ved utferding av fondsobligasjonskapital	0	0
Utbetaling ved forfall av fondsobligasjonskapital	0	-26.000
Renter på fondsobligasjon	-2.272	-2.382
Kjøp og sal av egne aksjer	0	0
Aksjeutbytte	-31.072	-23.139
<b>C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet</b>	<b>-49.475</b>	<b>-7.004</b>
<b>A + B + C Netto endring likvidar i perioden</b>	<b>-108.460</b>	<b>-27.240</b>
Likviditetsbeholdning 1.1	343.070	225.825
<b>Likviditetsbeholdning 30.06</b>	<b>234.609</b>	<b>198.584</b>
<b>Likviditetsbeholdning spesifisert:</b>		
Kontantar og fordringar på Sentralbanken	85.389	76.982
Fordringer på kredittinstitusjoner	149.220	121.602
<b>Likviditetsbeholdning</b>	<b>234.609</b>	<b>198.584</b>

## NOTE 1 - Generell informasjon

---

Banken konsoliderer inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS.

Den vedvarande krigen i Ukraina og Midtausten fører til usikkerheit, og inflasjonen er framleis høg. Noko som bremsar takt og tidpunkt for ein evt. rentenedgang. Dette fører til auka usikkerheit i økonomien, sjølv om me merkar lite til dette lokalt.

Banken med si fordeling 19 % PM og 81 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalstatus har gode føresetnader til å stå imot auka usikkerheit og å kunne vekse vidare.

## NOTE 2 - Rekneskapsprinsipp og -estimat

---

### Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2024 - 30.06.2024. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap, og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2023.

### Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsrekneskapen for 2023 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Estimat og skjønsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

### Nedskrivningar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane. Nedskrivingsvurderingar vert gjennomførte kvart kvartal.

### Nedskrivningar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivning vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2023 for ei skildring av nedskrivingsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriteria for overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore naudsynt å nytta meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått, med svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

